

SFE Produksjon AS
Bukta
6823 SANDANE

Vår dato: 20.03.2015
Vår ref.: 201500675-2
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22 95 95 28 / baso@nve.no

SFE Produksjon AS - mellombels løyve til ikkje å sleppe minstevassføring i inntil fire veker i tidsrommet august-november 2015

Vi syner til dykkar søknad av 02.02.2015 om løyve til ikkje å sleppe minstevassføring i samband med bygging av sperredammar ved inntak for Leknesvatn kraftverk. Det vert søkt om å ikkje sleppe minstevassføring frå kote 420 til kote 280 i ein periode på inntil fire veker i tidsrommet august-november 2015.

Om søknaden

SFE Produksjon AS fekk den 18.04.2012 konsesjon for bygging av Leknesvatn kraftverk i Askvoll kommune. Det er i konsesjonen sett vilkår om slepp av minstevassføring på 100 l/s i tida 01.05-30.09 og 25 l/s resten av året.

Det vert søkt om løyve til ikkje å sleppe minstevassføring frå vatn kote 420 til kote 280 i ein periode på inntil fire veker i tidsrommet august-november 2015.

Leknesvatn kraftverk vil få inntak i eit vatn på kote 420 i Skorvenvassdraget. Inntaket skal byggast veglaust og det skal etablerast to låge (ca. 50 cm) sperredammar i utløpet av vatnet, jf. vedlagt kart.

Øvste del av vassvegen skal etablerast som bora sjakt. Når denne er driven og inntaksarrangementet er klart er det mogleg å senke vassnivået i vatnet gjennom forbitappingsarrangement i ventilhus (plassert ca. kote 290 nedstraums bora sjakt). På den måten kan arbeidsstaden for sperredammane turrleggast. I perioden vatnet vert senka vil det ikkje vere mogleg å sleppe minstevassføring på elvestrekninga frå kote 420 og ned til kote 280.

Det er vurdert ulike alternativ til turrlegging av arbeidsstaden som t.d. å sprengje ut ein kanal i utløpet av vatnet for å kunne handtere vatnet på ein skikkeleg måte. Etablering av fangdam er vurdert, men vert uforholdsmessig dyrt sidan det ikkje er lausmassar tilgjengeleg i området og dette dermed må flygast inn. I tillegg er vatnet djupt fram mot utløpet. Samla sett vurderer SFE det difor slik at det beste alternativet med tanke miljø og kostnader er å senke vatnet i ein kort periode.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå gjeldande konsesjon i medhald av vassressurslova § 8. NVE vurderer saka som tilstrekkeleg opplyst då det er kort tid sidan konsesjonen vart handsama. NVE har difor ikkje sendt saka på høyring.

Under handsaming av konsesjonssøknaden peika dei fleste av høyringspartane på at redusert vassføring i Ertefossen ville ha negativ konsekvens for landskapsbiletet. Det vart difor sett vilkår om slepp av noko meir minstevassføring i sommarsesongen, sett til 100 l/s. Det er uheldig at det no vert søkt om å turrlegge fossen i den viktigaste perioden for bruk av området i samband med friluftaktivitetar. NVE legg vekt på at det er ei mellombels turrlegging på inntil fire veker i ein periode der det også vert utført anna naudsynt anleggsarbeide.

NVE vurderer at influensområdet har avgrensa betyding for biologisk mangfald. Tiltaket vert gjennomført etter hekkesesongen for fossefall, dersom denne skulle hekke i området kring Ertefossen. Elvestrekninga nedstraums bora sjakt/ventilhus kote 290 til Markavatnet har betyding for produksjon av botndyr og fisk. NVE føreset at det vert sikra ei minstevassføring på strekninga nedstraums ventilhus kote 280/290 .

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er midlertidig og at vassføringa har avgrensa betyding for biologisk mangfald. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at mellombels løyve til ikkje å sleppe minstevassføring er til skade for nokon kjende ålmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev SFE Produksjon AS løyve til ikkje å sleppe minstevassføring mellom kote 420 og kote 280 over ein periode på inntil fire veker i perioden august-november. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Perioden utan slepp av minstevassføring må gjerast så kort som mogleg.
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over det tidsrommet det ikkje vert sleppt minstevassføring.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kart over tiltaksområdet

Kopi:

Askvoll kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kart over tiltaksområdet.

